



MØTEPROTOKOLL

Utval: Levekårsutvalet
Møtestad: *Formannskapsromet Hareid rådhus*
Dato: *03.12.2012*
Møtet tok til *14:00*
Møtet slutta *16:35*

Levekårsutvalet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå og med 27.11.12. og fram til møtedagen.

FASTE MEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Alice Strømmegjerde	Medlem	H
Øyvind Grimstad	Medlem	FRP
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF
Ingunn Petrin Pettersen	Nestleiar	FL
Bjørn Overå	Medlem	FL
Lars E. Bjåstad Hovlid	Medlem	V

FASTE MEDLEMAR SOM IKKJE MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Ottar Røyset	Leiar	H

FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:

Namn	Stilling
Bent Arild Grytten	rådmann
Oddbjørn Grimstad	Kommunalsjef næring, kultur og samfunnsutvikling
Elly Kirkeslett	Kommunalsjef velferd
Ottar Grimstad	Kommuneoverlege
Svein Elde	økonomisjef
Reidun Auflem Vik	utvalssekretær

Nestleiar Ingunn Petrin Pettersen leia møtet.
Møtet sett 14.05.

6 voterande

Leiande helsesøster Ann-Elin Skeide starta møtet med omlag 20 min presentasjon/orientering av helsestasjonen sitt arbeid. Helsesøster orienterte særskild om PMTO prosjekt.

Val av underskriving av protokoll dette møtet: Lars Erling B. Hovlid og Marie Øien Sæverud.

Levekårsutvalet handsama:

PS 88/12

PS 89/12

RS 35/12

PS 90/12

PS 91/12

PS 92/12

PS 93/12- saka vart handsama først i møtet

Møtet slutt 16.35.

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 88/12	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 89/12	Godkjenning av protokoll førre møte	
	Referatsaker	
RS 35/12	Utleige av Hareidhallen frå 01012013	2012/994
	Politiske saker	
PS 90/12	Søknad om spelemidlar for 2013 - godkjenning og prioritering	2012/1444
PS 91/12	Hareid sjukeheim - bruk av plassar	2012/1781
PS 92/12	Dagsenter for eldre - endringar og utvikling	2012/1805
PS 93/12	Handlingsprogram 2013 - 2016	2012/1775

Hareid, 27.11.2012

Ottar Røyset
utvalsleiar

Reidun Auflem Vik
utvalsekretær

POLITISKE SAKER

PS 88/12 Godkjenning av innkalling og sakliste

Levekårsutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Levekårsutvalet har ingen merknad til innkalling og sakliste.

PS 89/12 Godkjenning av protokoll førre møte

Levekårsutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 6.11.12 vart godkjent.

REFERATSAKER

RS 35/12 Utleige av Hareidhallen frå 01012013

Levekårsutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Levekårsutvalet tek saka til vitande.

POLITISKE SAKER

PS 90/12 SØKNAD OM SPELEMIDLAR FOR 2013 - GODKJENNING OG PRIORITERING

Levekårsutvalet si handsaming:

Kommunalsjef næring, kultur og samfunnsutvikling – Oddbjørn Grimstad orienterte i saka.

Røysting:

Samrøystes.

Tilråding frå LKU i møte 3.12.12:

Hareid kommunestyre vedtek slik prioritering av søknadane om spelemidlar for 2013:

- A. Ordinære anlegg
 - 1. Lagerbygg Hareid stadion
 - 2. Sunnmøre Golfklubb driving range
- B. Ingen søknader til nærmiljøanlegg eller mindre kostnadskrevjande anlegg.

PS 91/12 Hareid sjukeheim - bruk av plassar

Levekårsutvalet si handsaming:

Elly Kirkeslett, kommunalsjef velferd og Ottar Grimstad, kommuneoverlege, orienterte i saka.

Røysting:

Samrøystes.

Tilråding frå møte i LKU 3.12.12:

Hareid kommunestyre tek til vitande at det ikkje er mogleg å gjennomføre reduksjonen på sjukeheimplassar frå 49 til 41 slik kommunestyret vedtok i sak 21/12.

Kommunestyret ber om at ein greier ut ei eventuell omlegging frå sjukeheim til bukollektiv/bufellesskap.

Kommunestyret ønskjer at ein framleis skal ha som målsetting å tilby einerom til dei som får fast plass ved sjukeheimen. Bruk av dobbeltrom ved fast plass kan berre skje etter ynskje frå pasientar sjølve.

For pasientar på korttidsplass kan det nyttast dobbeltrom når faglege og ressursmessige vurderingar er lagt til grunn.

PS 92/12 DAGSENTER FOR ELDRE - ENDRINGAR OG UTVIKLING

Levekårsutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes.

Tilråding frå møte i LKU 3.12.12:

Hareid kommunestyre ser positivt på at dagsenter for eldre vert vidareutvikla ved å legge meir vekt på førebyggjande tiltak for heimebuande eldre. Dette inneber auka tilbod på fysiske, sosiale og kulturelle aktivitetar.

Vedtak om plass ved dagsenter vert frå 2013 gjort i medhald av Helse- og omsorgstenestelova §3.3.

Pris for deltaking ved dagsenteret vert frå 2013 kr 145 pr dag. Dette inkluderer dagsenteropphald, transport, middag og kaffi.

PS 93/12 Handlingsprogam 2013 - 2016

Levekårsutvalet si handsaming:

Særutskrift frå møtebøkene i samarbeidsutvala i Bigset barnehage og Syverplassen barnehage vart delt ut i møtet. Utvalsmedlemene fekk utdelt revidert utgåve av Handlingsprogrammet 2013-2016.

Rådmann Bent Arild Grytten, kommunalsjef velferd Elly Kirkeslett, kommuneoverlege Ottar Grimstad og økonomisjef Svein Elde orienterte i saka.

Levekårsutvalet la fram fylgjande uttale:

Levekårsutvalet tek utkast til Handlingsprogram 2013 – 2016 til vitande.

Røysting:

Levekårsutvalet røysta over uttale til kommunestyret - samrøystes.

Tilrådinga frå rådmannen fekk 0 stemmer og fall.

Tilråding frå møte i LKU 3.12.12:

Levekårsutvalet tek utkast til Handlingsprogram 2013 – 2016 til vitande.

Hareid, 4.12.12

Reidun A. Vik
Utvalssekretær

Ingunn P. Pettersen

Lars Erling Bjåstad Hovlid

